

# AUSTRHEIM

tur, er omlag 5 km, og lett å gå. Deler av stien er lagt på berg nordover mot neset. Langs traseen finn du merke avstikkerar til fine fiske- og badeplassar. NBI Løypa går gjennom beiteområde.

**Turløype på Søre Njota.**  
Rundløypa går frå parkeringsplass nær enden av bilvegen. Løypa går vidare sørover til Naustvika/Minnesvika. Dette er ein mykje nytta badeplass. Stien held fram vidare sørover forbi Åskovika mot Njøtaneset med ein stor varde. Fyrg hoggedraget tilbake, nordover til kjerrevæg mot Avika. Løypa går så tvers over Naustneset og attende til utgangspunktet.

**Turløype Lerøyina rundt**  
Løypa startar litt før du kjem til kaien i Lerøyina. Du går gjennom eit spennande og variert kulturlandskap nordover mot utstikspunkt der du har fritt utsyn mot Fedje og storhavet. Løypa snur så sørover langs ei lang, grunn buk. Her er det fint for lek og bading for born. Trasseen går gjennom kupert landskap, og endar ved Kommunalveg. Ikkje langt frå der ho startar. Fine rasteplassar langs løypa som er om lag 1,5 km. NBI Løypa går gjennom beiteområde.

**Turløype i Øknesmarka, Rebnor / Årås / Øknes.**  
Merka rundløype på omlag 5,5 km. Turen går i lett og variert terreng (godt skotøy eller støvlar, då ein del av stien går over myr). Ein passerer fleire småvatn undervegs der det finst aure. Mellom Øknes og Rebnor går stien forbi ein rasteplass med gapahuk, bord og grillparne. Mellom Rebnor og Årås passerer ein Hammarvatnet der ein kan få aure på over halvåken. Rett over dette vatnet ligg Hammarstruten. Her er det utsikt til alle kantar og ein kan sjå langt på klare dagar. Langs løypa finn ein fleire stader restar etter torvhus og merke i myra etter torvslåking. Den siste grunnvegaren tok torv fram til midten av 1980-talet.

**Turløype på Littlås**  
Denne løypa går rundt Littlås fjellet, Austrheim sitt høgaste punkt, (109 m o h). Løypa er under opparbeiding og merking. Her finst mellom anna leigingsmerke med bor og toalett. Vegen går vidare på sørvestsida av Fonnsvægen, forbi fiskevatn (fiskekort) og langs idyllisk bygdeveg attende til parkeringsplass ved Vårdefangen snøggbåk. Du kan og starte turen frå parkeringsplass ved molo i Nordre Fonnsvægen. På Torvneset i starten av turløypa, finn du ein husmannsplass med jordkeller og ryddingsrøyser. Her er det plassert ut bord og benkar, og vegen inn i området har universell utforming.

**Turløype til Vårdefangen, Noregs vestlegaste fastlands punkt**  
Merka rundløype på omlag 5 km til Vårdefangen og vidare til badeplasse ved Avika med bor og toalett. Vegen går vidare på sørvestsida av Fonnsvægen, forbi fiskevatn (fiskekort) og langs idyllisk bygdeveg attende til parkeringsplass ved Vårdefangen snøggbåk. Du kan og starte turen frå parkeringsplass ved molo i Nordre Fonnsvægen. På Torvneset i starten av turløypa, finn du ein husmannsplass med jordkeller og ryddingsrøyser. Her er det plassert ut bord og benkar, og vegen inn i området har universell utforming.

**Badeplassar**  
Avika God gangsti til badeplasse frå molo på vestsida av Nordre Fonnsvægen. Plassen er tilrettelagt med bord og toalett. Muleg å ta seg fram med barnevogn.

**Øknes friluftsområde** har turveg og strand som er egna for rullestolbrukarar med hjelpar. Dette er eitt av Bergen og omland, BOF, sine friluftsområde. Parkering etter småbåtutleig og slipp. Følg bilveg vidare inn i området. Toalett og informasjonstavle ved parkering. Fast grill og bord og benk ved stranda. Fin telplass på austsida av vika. Stupébrett med badesoge på vestsida. Området er eit fint utgangspunkt for padling med kajakk i øyane nord for friluftsområdet. Bliveg heilt fram til badeplasse.

Sauvøy Sausensanden, ligg i rongevær-området, og du kjem dit spegelen. Badeplasse har ei fin og langrunn sandstrand. Området er tilrettelagt med brygge og toalett.

- |  |                                   |  |   |
|--|-----------------------------------|--|---|
|  | <b>Rasteplass</b><br>Picnic area  |  | <b>Toalett</b><br>Toilet                  |
|  | <b>Badeplasse</b><br>Swimming     |  | <b>Marina</b><br>Marina                   |
|  | <b>Kajakk</b><br>Kayak            |  | <b>Severdighet</b><br>Destination         |
|  | <b>Stuping</b><br>Diving          |  | <b>Ferje</b><br>Ferry                     |
|  | <b>Turgåing</b><br>Hiking         |  | <b>Parkering</b><br>Parking               |
|  | <b>Bensin/driv</b><br>Petrol/fuel |  | <b>Cafe/Restaurant</b><br>Cafe/Restaurant |
|  | <b>Informasjon</b><br>Information |  | <b>Overnatting</b><br>Sleepover           |
|  | <b>Kajakk</b><br>Kayak            |  | <b>Kyrkje</b><br>Church                   |
|  | <b>Turstier</b><br>Hiking paths   |  | <b>Destinasjoner</b><br>Destination       |
|  | <b>Sykkeltur</b><br>Cycling       |  | <b>Fuglereservar</b><br>Bird reserve      |



# Austrheim

- opne landskap, opne sinn

**Målestokk** 1:25000  
*scale*

**Ekvidistanse** 20 m  
*contour intervals*

**Kartdata**  
KARTGRUNNLAG: Ugland Group  
MARKARBEID: Austrheim Kommune  
TEMAINFORMASJON: Austrheim Kommune  
LAYOUT/DISPOSERING: Faletti Ita Group  
KARTOGRAFI: Ugland Group  
TRYKK: Ugland Group  
PRODUKSJONSÅR: 2011



## Fakta om AUSTRHEIM

I Austrheim finn du det vestlegaste punktet av fastlandsnorge, Vårdefangen, som ligg på 4°56' 43,182 Ø, 60°48' 36, 614 N.

Austrheim er den nordlegaste kommunen i Hordaland. Kommunen består av 489 øyar, holmar og skjær, og ein bit fastland, og har om lag 2800 innbyggjarar og eit areal på 56 km<sup>2</sup>.

Austrheim er eit øyrike med 433 km strandline; det meste av denne strandlina er tilgjengelig for alle, om du bur her, eller kjem på besøk med

båt eller bil. Skjergarden er innbydande med holmar, øyar, tronge sund og lune vikar.

Like karakteristisk for Austrheim er det låge kulturlandskapet med lynchenei som frå vikingtida prega kysten av Europa frå Portugal i sør, til Noreg i nord. Høgaste punktet i kommunen er Littlås fjellet, 109 m o h.

Austrheim er ein moderne, godt utbygd industrikommune. Mongstad området, som ligg både i Austrheim og Lindås kommunar, er eitt av dei største og mest varierte industriområda i landet med om lag 3000 arbeidsplassar. Statoil Mongstad raffineriet er største bedrifta i området.

I Austrheim finn du og nokre av dei største og eldste steinalderbuplassane i Noreg. Ved strømmane her ute har folk livnært seg av fangst og fiske i meir enn 9000 år (Strilesoga 1). Berre ved Fosenstraumen er det registrert 63 buplassar. Fosenstraumen er framleis ein sikker fiskeplass.

**Bøker om AUSTRHEIM**  
Turar i Austrheim av Knut Langeland (2002). Ei reise mot velferd og velstand, 100års-jubilæumskbok for Austrheim kommune av Terje Ø. Dyrnes og Lillian Etlvik (2010). Sjøfarten i Austrheim av Dag Bakka jr (2009). Bygdebokene for Austr-

heim av Arvid Skogseth (2000 - 2006). Det gode liv i Austrheim, bu, jobb, fritid. Brosjyre / 2007

Alle desse bøkene kan du kjøpe på Servicekontoret på kommunehuset, i bokhandelen på Mastrevik Torg, eller låne på biblioteket.

### Reglar for FRILUFTSLIV

Allemannsretten er den retten alle har - uavhengig av eigedomsforhold - til ferdsl, opphald og aktivitet i utmark. Utmark - det vil i praksis seie - det meste av strender, svaberg, vatn, myrar, hei, skog og fjell i Noreg. Du har og rett til å plukke bær, sopp og blomar.

I innmark kan du gå over åker og eng når dei er tilfrosne eller dekte av snø.

**Utmark er:** alt som ikkje er innmark.  
**Innmark er:** Hus-/hytte-tomt, gardsplass, hage, dyrka mark, kulturbelte og skogplantefelt.



Allemannsretten er nedfelt i Friluftsløva av 1957. Allemannsretten er eit gratis fellesgode. Retten er tufta på at du skal vise omsyn til grunnigarar og andre brukarar, og ha respekt for naturen.

**Ver merksam på:** Bruk av eld i skogsmark er forbode 15. 4. til 15. 9. Generell bandtvang for hund heile året. Jakt og fiske i ferskvatn inngår

ikkje i allemannsretten (fiskekort). Hugs å late att led og grinder.

**Langs kysten:** Pass på fartsgrensene. Det er ikkje lov å bruke kai eller brygge utan løyve frå eigaren.

I sjøfuglereservata er det forbode å gå i land frå 15. 4. til 15. 7. Sjå kart.  
**Motorferdsel:** Motorferdsel i utmark er i utgangspunktet forbode. Eigar av privat veg kan forby køying og parkering langs vegen.



**AUSTRHEIM KOMMUNE**  
Sætermarka 2  
5943 Austrheim  
post@austrheim.kommune.no  
Tlf. 56 16 20 00